



Lydutvikling i og normering av nokre stadnamn

Ivar Berg

Etymology has traditionally been an important part of place-name research, not least in Norway. From the outset of Norwegian onomastics, this was combined with standardisation issues and how place names should be spelled. In many cases, linguistic changes in the dialects have rendered the spoken form of many names opaque, making it harder to base the written form on their etymology. This article discusses the origin (etymology) and subsequent sound changes of a few place names and the implications when the names get an official written form according to the Norwegian place-name act (stadnamnlova) and other regulations. These names demonstrate the need for “traditional” onomastics despite new, complementary, scholarly trends and less focus on etymology in the official regulations.

1 Innleiing

Norsk namnegransking har alltid vore tett knytt til spørsmål om skrivemåte av namna, og mykje av den faglege aktiviteten har dreidd seg om slikt arbeid gjort av oppnemnde namnekonsulentar. Dette har vore ein viktig del av faget, utan at det har vore så mykje skrive om dei vurderingane som blir gjorde i slike samanhengar. I denne artikkelen tek eg opp nokre norske stadnamn (og eit namneledd) frå mitt eige arbeid som namnekonsulent. Utgangspunktet er altså at skrivemåten av namna har vore diskutert, men desse namna reiser også etymologiske og lydhistoriske spørsmål som er språkstrukturelt og dialektologisk interessante.

Eg vil vise sambandet mellom etymologi og normeringsomsyn og kva vurderingar av opphav, lydutvikling og moderne uttale ein må gjera i slike

namnesaker, når ein skal vega omsynet til talemål mot rettskrivinga og fastsetje offisielle skrivemåtar.

Eg gjer først kort greie for tilhøvet mellom namnegransking og normering i norsk tradisjon (bolk 2), før tre detaljstudiar av ulike namn (bolk 3–5). I det første føreslår eg ein ny etymologi, og alle desse namna har moderne uttaleformer som er dialektologisk interessante og neppe ålment kjende. Til slutt (bolk 6) viser eg at ordet *hog/håg* vanlegvis ikkje kan reknast som ei målføreform av *haug*, som fleire har meint, og det bør få følgjer for normeringa. Desse døma viser kor tette banda mellom namnegransking – inkludert normering – og dialektologi og språkhistorie er – og *må* vera, vonar eg å vise nedanfor.

2 Namnegransking og namnenormering

2.1 Namnegransking som fagtradisjon

Namnegransking, i alle fall den norske tradisjonen, har alltid vore ein grunnleggjande historisk disiplin. Det gjeld både uvitskaplege og folke-etymologiske tolkingar av stadnamn ut frå kjent ordstoff i samtida og mykje av den tradisjonelle namnegranskinga med vekt på å finne opphavet til namn. Eit sentralt grunnlag for den vitskaplege namnegranskinga i Noreg var arbeidet med *Norske Gaardnavne* (NG), som i utgangspunktet skulle revidere skrivemåtane av gardsnamn i matrikkelen, men førte til eit stort arbeid med innsamling av lokal uttale og eldre skrivemåtar med forslag til tolking (etymologi). Medan NG vanlegvis nøyer seg med å setje opp gamalnorske former av namna, har namnegranskarar òg sett etter tilknytningsspunkt utanfor norsk og nordisk, i germanske og indo-europeiske språk elles. I nyare tid har ein også ansa meir på andre sider ved stadnamn, til dømes innanfor fagretningar som sosioonomastikk og kritisk geografi, men spørsmål om opphav og tolking står framleis sterkt, både i forskingslitteraturen og ikkje minst i den ålmenne interessa for stadnamn.

2.2 Faget og forvaltinga

Innhaldet i namna er også viktig for forvaltinga. Sidan 1991 har offisielle skrivemåtar av norske stadnamn vorte fastsette etter føresegnene i stadnamnlova med tilhøyrande forskrift og merknader. I stadnamnlova heiter det i føremålsparagrafen (§ 1) at lova skal gje stadnamna «ei skriftform

som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meningsinnhaldet i namnet». Det føreset naturleg nok at meningsinnhaldet, altså det etymologiske opphavet, er kjent. I ein historisk gjennomgang viser Terje Larsen (2022) korleis det gradvis har vorte mindre vekt på streng normering etter rettskrivinga og meir opning for både talemålsformer og skriftlege tradisjonsformer i stadnamn. Det har også frå politisk hald vorte lagt vekt på at lokale ønske skal vektleggjast meir jamført med dei reint språkfaglege vurderingane (Prop. 65 L 2018–2019: 25).

2.3 Regelverket for namneforvaltinga

Både stadnamnlova og det utfyllande regelverket har vore endra fleire gonger. I det følgjande tek eg utgangspunkt i stadnamnlova med endringane frå 2021, forskrift om stadnamn frå 2022 (i hovudsak naudsynte endringar for å tilpasse forskrifta til endringane i sjølve lova året før) og utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn (utarbeidde av Språkrådet og godkjende av Kultur- og likestillingsdepartementet) frå 2024.¹

Hovudregelen i lova er at «det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn [skal] takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk» (§ 4; eg ser berre på norske namn her). I den tilhøyrande forskrifta er det presisert at «[s]tadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving» (§ 1), men eit atterhald kjem i § 3 i forskrifta, som seier at ein skal velje «den rettskrivingsforma *eller regionale samleforma* som passar best med den nedervde lokale uttalen» (mi uth.). I tillegg opnar lova for å ta omsyn til skrivemåtar som har «vore lenge i bruk og er vel kjend[e] og innarbeidd[e]» (stadnamnlova § 4, andre ledd; før 2019 hadde forskrifta ei liknande formulering), og ein kan velje «[l]okale dialektformer [...] når særlege grunnar talar for det» (forskrift om stadnamn, § 3). Mange talemålsformer som kan brukast i normeringa av namn, er eksplisitt omtala i dei nemnde utfyllande reglane.

1 Dei utfyllande reglane er publiserte på nettsida til Språkrådet: <https://sprakradet.no/stedsnavn-og-navn-pa-statsorgan/lov-om-stadnamn-rettleiing/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/>. Dei byggjer på det som før lovrevisjonen i 2017 var rettleiing/merknader til forskrift om stadnamn, og vart først vedtekne av Kulturdepartementet i oktober 2018. (Takk til Ellen Hellebostad Toft som sjekka arkivet.)

Den «nedervde lokale uttalen» som skal leggjast til grunn, er eit ikkje heilt uproblematisk omgrep (jf. Bakken 1997; Helleland 1999). Definisjonen i stadnamnlova (§ 2 e) seier at det er ein «uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk». I praktisk forståing ligg det òg at dette skal vera det som med ein nokså lada term har vore kalla «genuin dialektuttale», ei form som er upåverka av skrift. For dei fleste namna som er omtala her, er dette truleg greitt, men sjå særleg avsnitt 3.3 nedanfor.

Eit springande punkt i regelverket har vore kva ein skal leggje i særleg *rettskrivingsprinsipp*, ei formulering som har vore med sidan den første versjonen av stadnamnlova. Lars Vikør (1997: 202–205) held fram at ordet ikkje er klårt definert, men kan tolkast på to måtar:

- 1) Normeringsprinsipp meir ålment (til dømes etymologi og ortofoni).
- 2) Korleis lydar blir attgjevne i skrift (Vikør føreslår her «transkripsjonsprinsipp», sidan det dreier seg om overføring frå lyd til skrift).

Vikør viser til at bruken i regelverket har vore både vaklande og upresis, og at det til dels har vore bruka eigne rettskrivingsprinsipp (i tyding 1) for namn som skil seg frå rettskrivinga elles (Vikør 1997: 209). Her skal me avgrense oss frå den historiske gjennomgangen og halde oss til gjeldande regelverk. I dei utfyllande reglane er *rettskrivingsprinsipp* og *rettskriving* definerte i §§ 1.5 og 1.6, og rettskrivingsprinsipp har da tyding 2 ovanfor.

2.4 Regelverk og praksis

Utgangspunktet for skrivemåten av eit stadnamn skal altså vera den nedervde lokale uttalen, og da må han kunne overførast til skrift. All normering av stadnamn skjer i spennet mellom lokal uttale, skriftleg tradisjon og norsk rettskriving. Det er lett å sjå at vektlegginga av ulike faktorar ofte kan tala for ulike løysingar, og det er stort rom for skjøn i fastsetjinga av skrivemåtar. Føremålsparagrafen om meningsinnhaldet og regelen om at ålment kjende ord skal følgje gjeldande rettskriving, må likevel takast på alvor, og dette får nokre praktiske konsekvensar: Skrivemåten kan berre vise meningsinnhaldet når tydinga er kjend. Det krev etymologiske vurderingar, sjølv om ordet «etymologi» ikkje er bruka i lova. Når tydinga ikkje er kjend, har ein ikkje rettskrivingsformer å stø seg på, og må følgje

«norske rettskrivingsprinsipp». Som me såg ovanfor, viser dette til prinsippa for sambandet mellom lyd og bokstav i norsk, og det krev innsikt i lydsystemet i den aktuelle dialekten. Det er såleis klårt at tradisjonell namnegransking og namnetolkning er naudsynt for å kunne fastsetje skrivemåtar i tråd med lova. Nedanfor skal me sjå nokre konkrete døme på dette.

3 *Bogge i Romsdal*

3.1 *Namnet og staden*

Dette gardsnamnet (tidlegare gnr. 60 og 61 i Nesset kommune, frå 1. januar 2020 del av Molde) er eineståande. *Norske Gaardnavne* oppgjev uttalen /bå`gge/ eller /bau`gge/ (NG 13: 258), men har inga god forklaring: «Det er ikke hidtil forklaret.»² Dei to gardane, som har vore delte i mange bruk, utgjer ei lita grend langs *Boggestranda* med den einaste busetjinga og dyrkajorda av nokon særleg storleik langs dei stupbratte sidene av Eresfjorden (figur 1, neste side).

3.2 *Etymologi og lydutvikling*

Namnet er skrive fleire gonger i mellomalderen; dei eldste formene er «boggum» (dat.pl.; DN I 361, 1358) og samansetjinga «bogga ftrond» (DN III 325, 1362) der føreleddet *Bogga-* rimelegvis er genitiv fleirtal.³ Som mange andre gardsnamn har det tydelegvis vore ei fleirtalsform. Skrifteiknet <o> vart i norsk mellomalder bruka både for /o/ og /ɔ/, sjølv om den siste lyden i normalisert norrønt blir skriven <ɔ> (jf. «-strond» for normalisert *strōnd* i «bogga ftrond»), slik at ein kan rekne med ein stamme **Bogg-* eller **Bōgg-* i normalisert norrønt. Det finst ikkje ord i norrønt med sekvensen -ogg-, så det er rimeleg å normalisere til *Bōggar*, slik til dømes Helge Sandøy (2011: 123) gjer (utan å kommentere skrivemåten).

Namnet har ikkje tidlegare vore tolka, men eg føreslår å setje det i samband med *baggi* ‘pakke, bylt, pose’. Det saklege grunnlaget er anten

2 Når eg gjev att lydskrift i andre kjelder, følgjer eg konvensjonane i desse, altså Norvegia i NG og den heimesnikra lydskrifta i Stadnamn i Nordland (bolk 4). Eigne uttaleopplysningar gjev eg i IPA.

3 Jf. historiske skrivemåtar i NG. Dei siterte formene er kontrollerte mot diplomfotografi.



Figur 1: Bogge på nordaustsida av Eresfjorden. Dyrkajorda langs Boggestranda skil seg ut frå dei stupbratte liene elles langs fjorden. (Norges-kart/Kartverket.)

at området utgjer ein slags pose i den elles bratte lia på båe sider av Eresfjorden, eller med tilvising til den vide vika langs Boggestranda. Som ei parallell namnelaging kan ein nemne det delvis liketydande *sekk* (norr. *sekk*) som finst i mange namn på ulike lokalitetar, både vikar og lier.

Dersom denne rota ligg til grunn for stadnamnet, må det ha vore ein *u*-omlyd som har gjeve *Bøgg*-, og det kan forklast med at namnet har vore ein *wa*- eller *wō*-stamme, som har *u*-omlyd i alle bøyingsformer (jf. Iversen 1972: §§ 60, 65). Ord med stammeutlyd på *-gg* i norrønt følgjer vanlegvis bøyinga til *wa*-/*wō*-stammene eller *ja*-/*jō*-stammene, for /g:/ i desse orda er oppkomen av urgermansk **-ww-* eller **-jj-* ved Holtzmanns lov,

som gav *-ggw- og *-ggj- (sjå t.d. Kroonen 2013: xxxviii–xl).⁴ Ein opphavleg *wa-* eller *wō-*stamme kan såleis forklare dobbel *gg* og *u-*omlyd, som også vart utløyst av halv vokalen /w/ (jf. Iversen 1972: § 17).⁵ Det synest såleis formelt mogleg å rekonstruere eit gardsnamn til rota *bagg-* med forma **Bōggvar*, med seinare bortfall av /w/ slik me ser i mange ord av denne typen (Iversen 1972: § 60.1 Anm). Slikt bortfall skjedde truleg lenge etter fonemiseringa av *u-*omlyden, så rotvokalen vart ståande att på lik line som i nom.sg. *songr* osb. **Bōgg(v)ar* var også det eine av dei to alternativa me kunne setje opp etter notidsuttalen.

Baggi har ingen tilfredsstillande germansk etymologi, men kan kanskje setjast i samband med *pakki* av like obskurt opphav (de Vries 1962 s.v. *baggi*; Kroonen 2013 s.v. **pakka-*; Kluge 2011 s.v. *Pack*; Ásgeir Blöndal Magnússon 1989 s.v. *pakki* avviser derimot ei slik kopling). Det finst i alle høve parallellar i vestgermansk (Friesen 1897: 99 f.) som tyder på at *baggi* er eit gamalt ord, og det må ha vore etablert i norrønt tidleg nok til å gje avleiinga *bōggull* ‘liten bagge’ (tilnamn); tydinga ‘liten pakke’ i yngre islandsk viser at det er avleidd av *baggi*. Kanskje kan også *bōggr* ‘vanske, skade’ (berre i skaldskap) med den *u-*omlyden ein skulle vente, setjast hit; tilnamnet *bōggvir* ‘skadegjerar’ peikar direkte på ein *wa-*stamme urg. **bawwa-* (Ásgeir Blöndal Magnússon 1989: s.vv. *bōggur* 2, *bōggvir*; annleis og mindre truleg de Vries 1962 s.v. *bōggr*). Dersom ein går ut frå at ‘bylt, bør’ var den opprinnelege tydinga, er ikkje ei semantisk endring → ‘byrde’ → ‘møde, plage’ → ‘vanske, skade’ heilt utenkjeleg. Parallellen mellom eit sterkt *bōggr* og eit svakt *baggi* har mange motsvar, til dømes *holmr* : *holmi*, *gluggr* : *gluggi* mfl. (jf. Torp 1974 [1909]: § 15).

Bōggr og yngre islandsk *bōggur* har også den *u-*omlyden ein skulle vente, for også *baggi* burde eigentleg hatt omlydd rotvokal (**bōggvi*). Grunnen kan vera eit veldig tidleg bortfall av /w/, men også elles manglar omlyden somtid i gamla *wa-/wō-*stammar (jf. Widmark 1959: 255–282).

4 -gg- har også oppstått i nokre ord ved *j-*lenging av føregåande *g, t.d. *liggie* < urg. **legjan* (Bjorvand & Lindeman 2019 s.v. *ligge*; eg viser til oppslagsord, ikkje sidetal, i ordbøker). Da har orda i tilfelle *i-*omlydd rotvokal og bevart *j*.

5 Terminologien er litt uheldig her, for -w- er eigentleg ikkje eit stammesuffiks i dei orda som har gjennomgått Holtzmanns lov. Men det er stundom vandt å skilje mellom ord der *w* tilhørde rota, og der det reelt sett var eit suffiks i eldre språksteg (jf. Torp 1974 [1909]: § 9). Dei ter seg uansett likt i norrønt.

Ragg ‘grovt, stridt hår’, norr. *røgg* f. og *røggr* m., har gjennomgåande /ɑ/ eller tilsvarende i norsk (Widmark 1959: 269 f.; NO s.v. *ragg* IV).⁶ Den eldre ordsoga er uklår, men uansett opphav kan eit ord med stammeutlyd på /g:/ eventuelt ha kome inn i *wa*-klassen analogisk og fått den *u*-omlyden me ser i *bøggr* og truleg **Bøggvar*, seinare **Bøggar*. Heilt tilfredsstillande er dette altså ikkje, men det er heller ikkje lett å sjå andre etymologiske koplingar til **Bøgg(v)ar*.

For den seinare lydutviklinga kjem det ut på eitt om det gamalnorske utgangspunkt var *Boggar* eller *Bøggar*, for /o/ og /ɔ/ fall saman til éin lyd i romsdalsk (Sandøy 2011: 114; det same skjedde for så vidt nokså ålment i norsk, men det er romsdalsk som er relevant her). I somme stillingar kunne denne lyden bli diftongert, men Sandøy (2011: 114 f.) meiner at dette aldri vart fullstendig gjennomført. Før lang /g:/ er dette i alle fall veldig avgrensa i romsdalsmålet, som det går fram av utviklinga av norr. *døgg* og *høgg*. Desse er med i Målføresynopsisen (§§ 10 og 48) og er såleis høvelege for å jamføre med lydutviklinga i stadnamnet.

I Målføresynopsisen manglar opplysningar om *hogg* og *dogg* for Eresfjord, men dei nærliggjande Eikesdal og Nettet har den kortdiftongen som òg er attestert for gardsnamnet, med dei oppgjevne uttaleformene /dʊ^ugg/ og /hʊ^ugg/, medan bygdene ikring har ein monoftong notert som ⟨a⟩ eller ⟨q⟩ i Målføresynopsisen. Her ligg forklaringa på at NG har notert både /bā^ugge/ og /bau^ugge/ som uttale, den første frå andre romsdalsbygder, den andre heilt lokalt.

I nyare tid har denne tradisjonelle uttalen, som framleis er kjend og kanskje noko bruka utanfor sjølve Boggestranda, fått sterk konkurranse av /²buge/. Dette er ein skriftpåverka uttale som først har kome inn når namnet har vore bruka som etternamn, inspirert av det innvandra slektsnamnet *Bugge* som førte til at også romsdalsnamnet vanleg vart skrive «Bugge» «etter ca. 1850» (Veka 2016: 93).

3.3 Normering

Dei to tradisjonelle uttalane som er dokumenterte i NG, er framleis i levande bruk blant somme eldre, og stettar dermed krava til nederved uttale

6 Dette er eit døme på eit ord med urg. **-ww-* i stammen (Bjorvand & Lindeman 2019 s.v. *ragg*), men dei ter seg som nemnt (fn. 4) som opphavlege *wa-/wō-*stammar i norrønt.

i stadnamnlova (§ 2 e). Likevel er desse uttalane i stor grad erstatta av ein skriftpåverka uttale etter etternamnet *Bugge*, ikkje minst på sjølve Boggestranda. Men *Boggestranda* er eit grendenamn som er kjent vidare ikring, ikkje berre i ein heilt lokal brukarkrins. Dermed bør også uttalen i nabobygdene telje som «lokal uttale» etter § 4 i lova; dei er ein del av den gruppa som har hatt bruk for og har bruka dette namnet i daglegtalet.

Kortdiftongen på sjølve Boggestranda og i somme andre bygder er ei regelrett utvikling av eldre /o/, som framleis blir uttala [o] i andre nabo-bygder. Det er uansett lite aktuelt å gje att kortdiftongen med «au» i skrift, for det gjer me ikkje elles i norsk, og lyden svarar systematisk til «o» i rettskrivinga av andre ord. Valet står dermed mellom skrivemåten «Bogge» som representerer den tradisjonelle uttalen – som framleis er kjend og noko nytta –, og «Bugge» etter den skriftpåverka uttalen som dominerer i dag. Regelverket er tydeleg på at den nedervde uttalen skal vera utgangspunktet, og dermed må skrivemåten bli «Bogge», som Kart-verket vedtok i 2020.

4 *Giparneset* i Herøy og klusilsvekkinga på Midt-Helgeland

4.1 *Namnet og staden*

Giparneset ligg nordvest på Sør-Herøy i Nordland, inst i Færøyvågen der han deler seg i to armar (figur 2, neste side). Det store innsamlingsprosjektet Stadnamn i Nordland har registrert uttalen /'jiparnesæ/. Namnet har ingen lang skriftleg tradisjon, men har i nyare tid vore skrive noko ulikt. For nokre år sidan vart det bygd eit lite bustadfelt der, og i skøyttet da neset vart selt, var namnet skrive «Jibarneset». I samband med bustadutbygginga frå 2014 var namnet til dels skrive «Ibarneset», før forma «Iberneset» vart vanleg. Denne skrivemåten vedtok kommunen seinare som adressenamn, noko som førte til at det vart reist namnesak for å avklare skrivemåten av primærnamnet. Det er råd å sjå samanhengen mellom desse skrivemåtane ved å ta omsyn til dialektutviklinga i området, særleg den såkalla klusilsvekkinga på Midt-Helgeland.



Figur 2: Giparneset stikk ut i Færøyvågen og deler han i to armar. (Norgeskart/Kartverket.)

4.2 Etymologi og lydutvikling

Finn Myrvang, som var ansvarleg for Stadnamn i Nordland, har lagt til ein merknad til namnet om at det kjem frå gamalnorsk *gípr* ‘gap, trut’, men namnet kan godt vera yngre enn gamalnorsk tid. I norrønt er dette ordet berre belagt som persontilnamn (ONP s.v. *gípr*); i nynorsk finst *gip* m. med denne tydinga, og dessutan *gipe* v. ‘gapa’ og *gipe* f. ‘opning, flengje’ (sjå *Norsk ordbok*).⁷ Desse orda kan førast til ei rot som har med ‘opning’ å gjera på eitkvart vis (Bjorvand & Lindeman 2019 s.v. *geipe*). Tanken kan vera at neset stikk ut i det gapet som dei to armane av Færøyvågen dannar. Dette verkar naturleg nok, og eg har ingenting å leggje til denne tolkinga, men eg vil peike på korleis den lokale dialekten kunne gje grunnlag for dei ulike skrivemåtane.

Midt-Helgeland har tradisjonelt hatt overgang av /p t k/ til /b d g/ (såkalla ustemde lenes, ein mellomting mellom ustemde og stemde plosivar)

⁷ Ingen av orda er rett nok belagde i Nord-Noreg (sjå *Norsk ordboks* setelarkiv på <https://usd.uib.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8>), utan at det er eit avgjerande argument når ordet elles ser ut til å vera gamalt. Det er typisk at eldre ord kan henge att i stadnamn, og dessutan er Nord-Noreg underrepresentert i dialektinnsamlingar, inkludert kjeldegrunnlaget for *Norsk ordbok*.

etter vokal. Me vantar ein grundig fonetisk og fonologisk studie av dette fenomenet på Helgeland på line med det Tengesdal (2015) har gjeve for målet i Bjerkreim i Dalane, men til dømes Skjekkeland (1997: 112) jamfører utviklinga på Helgeland med overgangen til ustemde lenes i Dalane. Herøy ligg i utkanten av det som kan kallast Midt-Helgeland, og Skjekkeland ser ikkje ut til å ha fått med seg at denne leniseringa nådde heilt til Herøy. Likevel har Målføresynopsisen gjennomgåande slike former også herifrå, til dømes i *pepar* m. (§ 2), *gapa* v. og *tapa* v. (§§ 3 og 55) og *drope* m. (§ 4). Her viser eg berre til døme med /p/ mellom vokalar, men tilsvarande uttale finst også av eldre /t k/ i same posisjon.

Klusilsvekkinga kan forklare kvifor namnet nokre gonger har vorte skrive med . Den registrerte uttalen /"jiparnesæ/ kan representere ein nyare overgang (eller tilbakegang) /b/ > /p/, som venteleg har råka andre ord av denne typen òg; det er noko uvisst kor sterkt dette språktrekket står i dag. Det verkar likevel trygt å rekonstruere ei eldre form med /b/, likeins som i andre ord som elles i norsk har intervokalisk /p/. Ordet har truleg vore ukjent og lyden har dels vorte tolka som ein /b/. Det kan vera grunnen til skrivemåten «Jibarneset». Han vart seinare endra til «Ibarneset», kanskje fordi dei to første lydane er fonetisk like, og fordi <ji> er uvanleg i norsk skrift. Forma «Ibarneset», som til slutt kom opp i skrift, kan ha vore eit forsøk på normalisering basert på at *-ar* i dialekten ofte svarar til *-er* i bokmål. Slike (feil)slutningar om tilhøvet mellom tale og skrift, med utgangspunkt i ein rekonstruert eldre uttale med /b/, verkar å vera den beste måten å forstå dei ulike skrivemåtane på.

4.3 Normering

Norsk skriftspråk har som kjent ikkje <ji> i framlyd, med unntak av nokre nye lånord som *jibb*, *jingle* og *jiu-jitsu*. Uttalen /ji/ i framlyd finst som eit resultat av ein historisk overgang (palatalisering) /g/ > /j/ framom fremre vokalar, men slike ord blir framleis skrivne <gi>. Ein kan dermed seie at skrivemåten <ji> (i arveord) strir mot norske rettskrivingsprinsipp, slik klagenemnda for stadnamnsaker peika på i vedtaket sitt 12. juni 2020 (klagesak 9/2020).⁸ Det er verdt å merke seg at her blir rettskrivingsprinsipp bruka i den ålmenne tydinga ‘normeringsprinsipp’ (at /ji/ i framlyd

8 Sjø referat og vedtak på <https://sprakradet.no/stedsnavn-og-navn-pa-statsorgan/hvem-gjor-hva-pa-stedsnavnfeltet/klage-pa-navnevedtak/>.

blir skrive ⟨gi⟩ etter etymologien), ikkje om rein transkripsjon av tale til skrift (jf. avsnitt 2.3 ovanfor).

Den føreslegne koplinga til norr. *gípr* ‘gap, trut’ eller nyare norsk *gipe* verkar rimeleg, og lydutviklinga i helgelandsmål – slik ho er dokumentert i Målføresynopsisen – kan forklare dei ulike skrivemåtane som har oppstått. Skrivemåten skal både byggje på den nedervde uttalen, dokumentert som /'ji:parnesæ/, og følgje norske rettskrivingsprinsipp, og dette talar for *Giparneset*. Denne skrivemåten vart vedteken av Kartverket, påklaga av kommunen og endeleg fastsett av klagenemnda for stadnamnsaker i 2020.

5 *Ulset i Tingvoll*

5.1 *Namnet og staden*

Dette gardsnamnet (gnr. 110 i Tingvoll kommune, tidlegare gnr. 7 i Straumsnes) har delvis vore skrive «Aulset», før Kartverket gjorde vedtak om «Ulset» i 2017. Garden ligg like innanfor Aspøya vest på halvøya som utgjer det meste av Tingvoll kommune. Her er det interessant nok slik at skrivemåtar heilt tilbake til 1318 tyder på føreleddet *ulv-*, medan uttalen i dag tyder på *aul-*. Kommunen, som i ei namnesak ønskte skrivemåten «Ulset», oppgav uttalen /au:ʂet/ eller /æ:ʂet/ (kommunens lydskrift). NG (13: 365) har uttalen *au l'sét*, der sekvensen *ls* må gje retrofleks uttale [ʂ] (jf. kommunens attgjeving med ⟨ʂ⟩). I Fylkesarkivet for Møre og Romsdal (søkbart i Stadnamnportalen) er uttalen registrert som /'Q:,s-e(:)t/, der ⟨Q⟩ er teiknet for ein midtre runda vokal, IPA [ø] eller noko lægre (Sandøy 1989: 43, 52), og ⟨s-⟩ er retrofleks [ʂ] (Sandøy 1989: 52 f., 56).

5.2 *Etymologi og lydutvikling*

Namnet er notert fleire gonger i mellomalderen; dei eldste formene er «i Wlfa sætre» (DN IV 126, 1318), «i vlufuafættre» (DN II 272, 1345), «Af wlfuafætre» ca. 1433).⁹ NG (13: 365) peikar på at desse skrivemåtane tyder på eit opphavleg «*Ulfarssetr, af Mandsnavnet Ulfarr», der ein i til-

⁹ Jf. historiske skrivemåtar i NG. Det første diplomtet finst berre i avskrift og er kontrollert i den trykte utgåva, det andre finst i diplomatarisk avskrift frå Gamalnorsk ordboksverk; forma i *Aslak Bolts jordebok* er kontrollert mot manuskriptfotografi.

felle må rekne med at *-r-* har falle før følgjande konsonant allereie i 1318. Det er rimeleg nok; særleg i samansetjingar er slik reduksjon tidleg, som det er mange døme på i stadnamn (jf. t.d. Rygh 1898: 20). Ut over det slit NG med å forklare utviklinga til notidsuttalen («vistnok usædvanlig»).

I bygdeboka heiter det at «[s]kriftforma frå 1723 [dvs. Ulset] har vorte om lag einerådande som slektsnamn. Mange oppfattar også dette som rette namnet på garden. Men uttalen av gardsnamnet er ‘au’lset’ med tjukk *l*, og normalisert skriveform er Aulset» (Roaldset 1990: 292). Det er noko uvisst kva lydverdi Roaldset legg i «au» i opplysninga si. Uttalen /æ:ʂet/, som kommunen nemner, kan svara til skrivemåten *Aulset*, sidan den gamle diftongen /au/ på Nordmøre har vorte monoftongert (Dalen 1971: 40 f.; Grytli 1975: 584). I tradisjonell uttale har dette gjeve ein eigen lyd som ikkje har falle saman med eksisterande fonem, medan han i yngre mål kan falle saman med /æ/. (Monoftongering av /au/ har andre stader ført til samanfall med eldre /ø:/ i ordpar som *graut* ~ *grøt* osb.)

Ein del stader i Trøndelag og på Nordmøre har vokalar vorte diftongerte før tjukk *l*, til dømes slik at norr. *gulr* adj. ‘gul (farge)’ har vorte /gauʀ/, og *kolna* v. ‘kolne, bli kald’ har vorte /kaun/ (retrofleks *ŋ* av *ʀ*+*n*). Desse diftongane er eldre enn monoftongeringa, for dei har fått same utvikling som opphavlege diftongar (sjå t.d. målføreformene i NO s.v. *gul* V). Diftongering av vokalen før tjukk *l* (som finst over eit større område) og seinare monoftongering på lik line med andre *au*-diftongar vil gje notidsuttalen. Eg kjenner ikkje til nokon systematisk omtale av slik diftongering, men ho er iallfall vanlegast i innlyd.

Det finst òg ei tilsvarande endring av vokalen i sambandet *ul-* i framlyd, som òg har enda opp med ein mellomvokal som mange stader er fonemisk. Eit slikt døme er ordet *ulv*, der NO oppgjev uttalen «ølv, ölv» frå blant anna Tingvoll. Her ser ikkje utviklinga ut til å ha gått via diftong, for vokalen kan vera endra også i område der /au/ er bevart som diftong, sjølv om resultatet i dei to tilfella blir det same. Eit par andre namn frå Tingvoll har rett nok bevart *ul-* som /uʀ-/ (*Ulvstua*, *Ulneset*), men det kan vera nyare restitusjon, og i alle fall i *Ulvstua* er koplinga til appellativet framleis gjennomsliktig. Det er i alle tilfelle råd å gje plausible forklaringar på korleis eit opphavleg *ulv-* kunne gje notidsuttalen, som ikkje er så «usædvanlig» som utgjevarane av NG ville ha det til.

5.3 Normering

Uttalen i dag talar her for skrivemåten «Aulset», for den første lyden er den same som vokalen i til dømes *graut*. Men «Ulset» stemmer betre med dei eldste skrivemåtane og meiningsinnhaldet i namnet, så langt det lèt seg tolke. Ein kan dessutan seie at skrivemåten «ul» òg stemmer med uttalen, sidan me kan finne same lyd attgjeven med denne bokstavsekvensen i andre ord som *ulv*. Det er nok ein viss fare for at denne skrivemåten kan påverke den lokale uttalen, men det kan skrivemåten med «au» òg gjera for dei som ikkje kjenner namnet munnleg, sidan dette er ein monoftong – med ein eigen, særmerkt uttale – i det lokale målet. Dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stadnamn (§ 3.1) seier at når «monoftongeringa har gitt eit resultat som ikkje er i samsvar med vanleg rettskriving [...] skal ein følgje rettskrivinga og som hovudregel nytte diftong». Men her kan utviklinga like gjerne ha gått direkte frå *u* med ei særutvikling før tjukk *l*. Dermed gjeld truleg ikkje denne regelen. Og om ein skal følgje «rettskrivinga», er det næraste ordet *ulv*, sjølv om rettskrivingsprinsippa seier at framlyden i *Ulset* svarar til «au» i andre ord.

Når alt kjem til alt, er det liten tvil om opphavet, og det er mogleg å forklare utviklinga fram til notidsuttalen. I tillegg er det nokså eintydig skriftleg tradisjon for «Ulset» og lokalt ønske om denne forma – som også skal vektleggjast, jf. avsnitt 2.2–2.3 ovanfor –, så Kartverket vedtok skrivemåten «Ulset» for gardsnamnet i 2017.

6 *haug, hug og hog/håg*

6.1 Namneformene

Haug er eit av dei vanlegaste grunnorda i norske stadnamn. I tillegg har mange norske stadnamn med liknande tyding ('haug; fjell, berg' eller liknande) former med litt vekslande vokalkvalitet; både *hug*, *hog* og *håg* finst i skrift. Forma *hug* har tradisjonelt vore forstått som ei avlydsform av rota i *haug* (sjå t.d. Indrebø 1936: 74 f. om *Storehugen*, fjell i Sogndal, og *Hugakøllen*, fjell i Vang; og NSL om *Huglo*, øy i Stord). Derimot har formene *hog* og *håg* ofte vorte omtala som «målføreformer» med monoftongering av *haug* (t.d. Stadnamnutvalet 1983: 66). Dette er nok ikkje rett, som eg skal vise her.

Skrivemåtar med enkel vokal har kome inn på kart ein del stader, og i to samanhengande område er dei òg vedtekne i formelle namnesaker, men med to ulike skrivemåtar: I Vestland fylke er det 154 vedtekne namn på *hog* (114 i Masfjorden, eitt i Austrheim og resten i Fjordane). I Nordland og Troms, frå Sør-Helgeland til Senja, er *håg* vedteke rundt 400 gonger (her er det litt verre å sortere ut til dømes *håg* ‘høg’); det er også eit par vedtekne former på Nordmøre (talande nok i adressenamn, som kommunane vedtek).¹⁰ *Hog* og *håg* er nok mest skriftlege variantar av same ord, for uttalen av *hog* er så langt eg veit med open *o* i desse namna.

Det finst heilt sikkert mange fleire slike namn, truleg òg over eit større område, utan at det er hovudsaka her. Vedtekne namn viser at skrivemåtane «hog» og «håg» til dels har fått eit offisielt godkjentstempel i somme område, men andre namn med same uttale har skrivemåten «haug». Her skal eg greie ut sambandet mellom desse formene og korleis dei eventuelt bør normerast.

6.2 Etymologi og lydutvikling

Haug finst i dag berre i nordiske språk, men eldre former i gamal- og mellomhøgtysk gjer det mogleg å rekonstruere eit urgermansk **haugá-* (Bjorvand & Lindeman 2019 s.v. *haug*). Trykket låg på suffikset og **g* er utvikla av eldre **h* etter Verners lov. Av same rot, men med vekslande trykkplassering og derfor ulik utvikling etter Verners lov, var adjektivet **háuha-* ~ **haugá* som er opphavet til *høg*; den første forma (med medial **h*) gav tysk *hoch*, norrønt *hár* mfl., medan hi forma gav den austnordiske forma *høg*, som seinare er lånt inn i norsk (Bjorvand & Lindeman 2019 s.v. *høy*¹).

Som nulltrinn til denne rota har ein så rekna *hug-* i nokre stadnamn, jf. den etymologiske utgreiinga til Bjorvand & Lindeman (2019 s.v. *hug*). Dei vil kople dette til *hug* m. ‘sinn, tanke’ (metaforisk endra frå ‘topp’ → ‘hovud’ → ‘tanke’ allereie i urgermansk), utan at det har noko å seie for stadnamndiskusjonen, der norr. **hugr* rimeleg sikkert kan rekonstruerast på grunnlag av *Hugaströnd* i *Sverresoga* og nyare namneformer, jf. merknadene ovanfor.¹¹ Spørsmålet vidare blir om formene *hog/håg* krev ei re-

10 Takk til Åsmund Christenson i Kartverket for rådata frå SSR per 5. april 2025.

11 Bjorvand & Lindeman nemner i denne samanhengen *Høgi* i Luster (tidlegare Hafslo, NG 12: 32), truleg av **hug-vin*, noko NG også er inne på.

konstruert norrøn form **hogr*, eller om dei kan ha utvikla seg frå norr. *haugr*.

Ein god del norske ord har (hatt) varierende skrivemåtar, ⟨au⟩ eller ⟨o⟩, eller skiftande uttale /au/ eller /o/ utan at dette er nedfelt i normert rettskriving. Eg avgrensar meg her til ord med /g/ i kodaposisjon. I (1) er to som har ei etablert norrøn form med ⟨o⟩, som normalt representerer /o/.¹²

- (1) a. *trau* n. (eldre nyn. *traug*) og *trog*, av norr. *trog* n.
b. *tau* n. (eldre nyn. *tog*) av norr. *tog* n.¹³

Orda i (1) hadde same fonologiske struktur i norrønt, nemleg ein kort rotvokal /o/ følgt av /g/. I og med kvantitetsomlegginga vart denne strukturen fonotaktisk umogleg i norsk, og det kunne i prinsippet løysast på to måtar: ved å lengje vokalen eller konsonanten. I praksis er vokalen alltid lengd i desse orda, men ofte med overgang til diftong /au/, med eller utan bortfall av /g/, slik at me får former som /trau/, /traug/ og /to:g/ (jf. NO s.v. *trau*). Liknande variasjon kan ein òg finne i ord som hadde rotvokalen /ɔ/ ‘q’ i norrønt med *u*-omlyd, som *log* m., norr. *lōgr* m., somstad uttala med /au/ (NO s.v. *log* I; jf. *laug* n. som blir ført til norr. *laug* f.).

Ei anna gruppe ord som har liknande variasjon i rotvokalen, er avleidde av sterke verb av 2. klasse, sjå døma i (2).

- (2) a. *flaug*¹⁴ ~ *flog* n., norr. *flog* n., etym. samband med *fljúga*
b. *smau(g)* ~ *smog* n., norr. *smog* n., etym. samband med *smjúga*
c. /sau/¹⁵ ~ *sog* n., norr. *sog* n., etym. samband med *súga*

12 Ein må ta nokre atterhald fordi det kan vera vanskeleg å skilje /o/, /o:/ og /ɔ/ i dei norrøne kjeldene i sjeldsynte ord. Lengdmarkering var i beste fall usystematisk, og norske handskrifter skil ikkje mellom ⟨o⟩ og ⟨q⟩ slik me er vane med frå den norrøne normalortografien. Der vokallengda er usikker, følgjer normaliseringa i hovudsak seinare islandsk dersom ordet er bevart; i ein del ord er vokallengda fastsett på grunnlag av *aðalhendingar* i skaldekvad, rim der vokallengda måtte vera lik.

13 *Taug* f. fanst òg, men ser berre ut til å vera bevart i islandske handskrifter (ONP s.v. *taug*). Det kan naturlegvis vera tilfeldig, så mykje større som det islandske korpuset er.

14 Ikkje normert, men målføreformer med diftong er dokumenterte her og der på Austlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg (NO s.v. *flog* II).

15 Belagt i Østfold, Modum og Melhus (NO s.v. *sog*).

Det er mest naturleg å rekne med danning til nulltrinnet i perfektum partisipp med *a*-omlyd, altså senking av urnordisk **u* til /o/, jf. partisipp-formene *flogit*, *smogit* og *sogit*. Norrønt hadde /o/ og dei moderne variantane med diftong er geografisk avgrensa, og kan difor helst reknast som diftongeringar av eldre /og/.

Til sist skal eg nemne nokre andre ord med andre vokalkvalitetar som likevel oppviser variasjon mellom monoftong og diftong i moderne norsk. Det gjeld eit par ord med lang /o:/ og avleiingsendinga *-ug* (sjå målføre-formene i NO under aktuelle ord).

- (3) a. *skog* m., ofte /skau/ (austlandsk), norr. *skógr* m.
 b. *plog* m., somstad /pʁau/, norr. *plógr* m.
 c. *-ug* (suffiks), somstad /-au/, norr. *-ugr*

Lærdomen av dette er at norrøne ord med rim /og/, til dels òg /o:g/, /ɔg/ og /ug/, i mange tilfelle er diftongerte til /au/, med eller utan bevart /g/. Det finst òg tilsvarande døme på diftong der eldre norsk hadde andre vokalar før /g/, til dømes pronomenumformane /ei(g)/ < *ek* 'eg' (og pron. /i(:)/ har nok oppstått som trykklett form av dette). Bortfall av postvokalisk, trykklett /g/ (ev. av eldre /k/ i trykklett posisjon som i pronomina norr. *ek*, *mik*), er vanleg i norsk, som me elles ser til dømes i adjektivsuffiksa *-ig*, *-ug*.

Ein overgang /og/ > /au(g)/ er altså velkjend. Derimot er det vanskeleg å finne døme på det motsette, nemleg monoftongering av eldre /au/ før /g/ i utlyd.¹⁶ Eit døme, som ein fagfelle gjer merksam på, er vanleg monoftongering /au/ > /o/ før konsonant i Sunnfjord (Ølmheim 1983: 63).¹⁷ I dei austlandske og trøndske målføra der monoftongering av norr. /au/

16 Annleis er det før konsonantgruppe i samansetjingar. Fleire gardsnamn på *Hogs-* kan på grunnlag av gamle skriftformer først attende på gen.sg. *haugs-* (t.d. *Hogsmørk* NG 2: 54 og *Hogsrød* NG 6: 201), og det gjeld sikkert òg nokre der det ikkje kan provast; jf. til dømes Særheim (2001: 40) om *Hogstad* < norr. **Haugsstaðir* og NG (6: 215, 13: 302) om *Hogsnes*. *Hognes* (NG 15: 34, 302) må eventuelt koma frå gen.pl. *hauga-* (såleis NG), men da er det mindre grunn til monoftongering; her har me heller varianten *hog* eller mannsnamnet *Hogni*.

17 Blant døma hans er *håg* for *haug*, men elles er mange av døma før konsonantgruppe (*håst*, *nåst*) eller før /m/ (*tåm*, *dråm*), der monoftongering dels går vidare enn elles. I slike tilfelle må den aktuelle dialekten studerast nøgnare enn det er rom – eller bruk – for her for å avgjera om *hog* og *haug* kan skiljast.

er gjennomført, er resultatet ein fremre vokal, ofte /ø/, til dels ein lægre kvalitet heilt til samanfall med /æ/, men ikkje ein bakre /o(:)/ (jf. avsnitt 5.2 ovanfor). Det gjer det lydhistorisk urimeleg å rekne med at *hog/håg* i stadnamn skal vera ei monoftongert form av *haug*.

Magne Myhren redigerte *haug* i *Norsk Ordbok* og førte i første omgang *høg* og *håg* som målføreformer av *haug*, men kom i løpet av arbeidet til eit anna syn. Han føreslo at gamalnorsk i tillegg til *haugr* hadde eit **hogr* og kanskje jamvel **hugr* (Myhren 2001). Det kan historisk forklarast som nulltrinn i staden for *a*-trinn (= ieur. *o*-trinn) av same rota, jf. pret.sg. *kraup* og perf.part. *kropit* av *krjúpa*. Skilnaden *hugr* ~ *hogr* gjeld i så fall gjennomføringa av *a*-omlyden, jf. norr. *sunr/sonr*, som også finst i båe variantane. Også i islandsk finst slike dobbeltformer, til dømes *flog* n. og *flug* n. (Ásgeir Blöndal Magnússon 1989 s.vv. *flog*, *flug*).

Dette forklarar dei moderne formene godt, og det finst parallellar. Ut-talen /hau/ kan koma frå båe formene, frå *haug* med bortfall av /g/ i utlyd, frå *hog* med diftongering framom /g/ og bortfall av konsonanten (jf. *skog* ~ *skau*). Ei blanda bøyning som *håg* – *håjen* – *hau(g)a* – *hau(g)an* i Vefsn, altså med diftong i fleirtal, kan anten ha oppstått gjennom diftongering av intervokalisk /g/ i **hogr* i fleirtal, eller som ei samanblanding av dei to leksema.¹⁸ Alt talar såleis for at **hogr* i norrønt var eit eige ord med anna avlydstrinn enn *haugr*.

6.3 Normering

Slike namn har til dels vorte skrivne *haug* fordi monoftongformene har vorte rekna for dialektformer, blant anna av Stadnamnutvalet (1983: 66). Dei opna rett nok også for å skrive «hog» og «håg», men da fordi slik uttale var «sterkt avvikande målføreformer» av *haug*. Som eg har vist, er dette jamt over nokså umotivert i norsk; tendensen er heller diftongering og bortfall av utlydande /g/, ikkje monoftongering og bevart /g/. Det kan finnast unntak (som Sunnfjord, nemnt ovanfor), slik at kvar dialekt må undersøkjast for seg, men den etymologiske utgreiinga ovanfor og dei

18 Knut Skorpen oppgav denne bøyninga i Facebook-gruppa «Norsk namnelag» 24.2.2021. Riksheim (1921: 24) reknar *håg* – *håjen* for samandraging (av *haug*), men det verkar noko umotivert når han samstundes (1921: 56) reknar med bortfall av /g/ «etter öu» med dømme som *löu* < norr. *laug*.

moderne dialektformene viser klårt nok at norrønt må ha hatt ei form **hogr* m.

Eit etymologisk rettskrivingsprinsipp (i Vikørs tyding 1, jf. avsnitt 2.3 ovanfor) talar for skrivemåten *hog* med ⟨o⟩, slik me vanlegvis skriv norr. *o*. Men fordi dette er ein opphavleg kort /o/, som vart lengd i kvantitetsomlegginga, er uttalen oftast [o:], ikkje [u:] som vanlege lange *o*-ar i skrift, jf. ord som *skot*, *brot* (norr. *skot*, *brot*), som for dei fleste har ein annan vokal enn *bok*, *sol* (norr. *bók*, *sól*). Særleg i bokmål er det også ein god del døme på ⟨å⟩ der opphavet er *ó* og *o*, til dømes «såle» ‘underside av fot, sko e.l.’ < norr. *sóli*, «åpen» < norr. *opinn*, *bánn* < norr. *botn* og andre ord.

Sidan *hog* uansett ikkje er normert og såleis ikkje ein del av gjeldande rettskriving, kan det vera gode grunnar til å skrive «håg(en)» i alle fall der uttalen tvillaust er med same vokalkvalitet som i *båt*, *håp* osb. Medan ⟨o⟩ kan stå for både /o/ og /u/ i norsk, er ⟨å⟩ eintydig og medfører ingen fare for feil uttale. Samstundes er dei eksisterande skrivemåtane «hogen» og «hågen» geografisk samla slik at dei kan reknast som «regionale samleformer» etter gjeldande regelverk (jf. avsnitt 2.3 ovanfor).

Det er altså gode grunnar til å fortsetje praksisen med å tilrå *håg* og *hog*, og det bør òg vurderast utanfor områda der det allereie er praksis, når uttalen talar for det. Det er i alle tilfelle ikkje tilrådeleg å skrive slike namn «haug» når uttalen er med monoftong, der det truleg er tale om eit anna, rett nok etymologisk skyldt, ord.

7 Utgang

Dei tre namna og det eine namneleddet som er omtala her, er interessante på ulike vis. For *Bogge* foreslår eg ein etymologi for eit unikt namn, som samstundes viser ei lokal diftongering i nokre romsdalsbygder. *Giparneset* illustrerer korleis klusilsvekkinga på Midt-Helgeland har gjort namnet ugjennomsiktig og ført til vekslande skrivemåtar. Uttalen av *Ulset* må skuldast nokre særutviklingar av vokalar før tjukk *l* i delar av trøndsk og nordmørsk. Til sist drøfta eg tilhøvet mellom *haug*, *hug* og *hog/håg*, og viste at *hog/håg* må sjåast på som gamle avlydsformer til same rot, ikkje målføreformer av *haug*, slik det har vorte hevda.

I alle desse namna har skrivemåten vore omstridd. Som utgreiingane her har vist, kan ikkje skrivemåten vurderast utan å diskutere systemet i

dialekten og den språkhistoriske utviklinga. Jamvel om etymologi ikkje er eksplisitt nemnt i det gjeldande regelverket, kjem ein ikkje unna lyd-historiske vurderingar når ein skal avgjera tydingsinnhaldet i eit namn, kva ord det er samansett av, og korleis rettskrivingsprinsippa kan brukast når den nedervde uttalen av eit namn skal overførast til ei skriftleg form, slik stadnamnlova føreskriv. Det vil seie at me i vår tid òg treng tradisjonell namnegransking med vekt på etymologi, også i slike reint forvaltingsmessige samanhengar som normering er.

Litteratur

- Ásgeir Blöndal Magnússon. 1989. *Íslensk orðsifjabók*. Reykjavík: Orðabók Háskólans.
- Bjorvand, Harald & Fredrik Otto Lindeman. 2019. *Våre arveord*. 3. utg. Oslo: Novus.
- Dalen, Arnold. 1971. Nyare monoftongeringstendensar i Inntrøndelag. I *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking*, red. av Hallvard Magerøy & Kjell Venås, 39–51. Oslo: Universitetsforlaget.
- Forskrift om stadnamn. 2022. (FOR-2022-02-14-381). Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-05-23-638>.
- Friesen, Otto von. 1897. *Om de germanska mediageminatorna*. Upsala: Akademiska Boktryckeriet.
- Grytli, Lars. 1975. Målet i Tingvoll. I *Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes*, red. av Edvard Brakstad, 579–599. Tingvoll: Tingvoll sogelag / Straumsnes bygdeboknemnd.
- Indrebø, Gustav. 1936. Nokre fjellnamn i Sogn. *Maal og minne* 1936: 36–75.
- Iversen, Ragnvald. 1972. *Norrøn grammatikk*. 7. utg. Oslo: Aschehoug.
- Kluge, Friedrich. 2011. *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache*. 25. utg. ved Elmar Seebold. Berlin: De Gruyter.
- Kroonen, Guus. 2013. *Etymological Dictionary of Proto-Germanic*. Leiden: Brill.
- Larsen, Terje. 2022. Stadnamnnormering i Noreg – prinsipp, aktørar, tendensar. *Namn og nemne* 39: 125–134.
- Myhren, Magne. 2001. Samanhengen mellom ordformene *haug*, *høg*, *hau* i nynorske målføre og stadnamn på *hug-*. *Ord om ord* 7: 103–105.

- Målføresynopsisen. <https://inger.uib.no/perl/search/search.cgi?appid=145&tabid=2165>.
- NG = *Norske Gaardnavne* 1–18, red. Oluf Rygh mfl. 1897–1924. Kristiania: Cammermeyer.
- NO = *Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. 1966–2016. Oslo: Samlaget. Nettversjon: <https://beta.norsk-ordbok.no>.
- Norgeskart. Sentralt stadnamnregister (SSR), Kartverket. www.norgeskart.no.
- NSL = Jørn Sandnes & Ola Stemshaug (red.). 1997. *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utg. Oslo: Samlaget.
- ONP = *Ordbog over det norrøne prosasprog*. København: Den Arnamagnæanske kommission. Nettversjon: <https://onp.ku.dk/onp/onp.php>
- Prop. 65 L (2018–2019). *Endringer i stadnamnlova*. Kulturdepartementet.
- Riksheim, Vilhjelm. 1921. *Ljodvokstren i Vefsn-målet*. Kristiania: Aschehoug.
- Roaldset, Ottar. 1990. *Gards- og ættesoge for Straumsnes I*. Tingvoll: Tingvoll sogelag.
- Rygh, Oluf. 1898. *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania: Cammermeyer.
- Sandøy, Helge. 1989. *Transkripsjonssystem til Norsk stadnamnbase*. 2. utg. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie*. Oslo: Novus.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Stadnamn i Nordland. <https://www.statsforvalteren.no/nordland/plan-og-bygg/arealforvaltning/stadnamn-i-nordland/>.
- Stadnamnlova. 2021. Lov om stadnamn (LOV-2021-05-07-34). Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1990-05-18-11>.
- Stadnamnportalen, Universitetet i Bergen. <https://stadnamnportalen.uib.no/>.
- Stadnamnutvalet. 1983. *Stadnamn*. NOU 1983:6. Oslo: Universitetsforlaget.
- Særheim, Inge. 2001. Sørvestnorske *staðir*-namn – føreledda og alderen til namna. *Namn och bygd* 89: 29–51.

- Tengesdal, Eirik. 2015. Plosivane i Bjerkreim. Ein synkron studie av pre-aspirasjon og klanglause lenes. Masteroppgåve, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo.
- Torp, Alf. 1974 [1909]. *Gamalnorsk ordavleiding*. Ny utg. ved Gösta Holm. Lund: Gleerup.
- Veka, Olav. 2016. *Norsk etternamnleksikon*. 2. utg. Oslo: Samlaget.
- Vikør, Lars S. 1997. Rettskrivingsprinsipp og stadnamnnormering. I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. mars 1997*, red. av Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes & Helge Sandøy, 200–214. Bergen: Alma mater.
- de Vries, Jan. 1962. *Altnordisches etymologisches Wörterbuch*. 2. utg. Leiden: Brill.
- Widmark, Gun. 1959. *Det nordiska u-omljudet*. Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- Ølmheim, Per Arvid. 1983. «...sa sogningen til fjordingen». *Målføre i Sogn og Fjordane*. Sogn mållag / Firda mållag.